

Mange flotte prestasjoner av løparar frå Sogn og Fjordane ved Vestlandsmeisterskapen 31. august og 1. september

31. august og 1. september arrangerte o-gruppa i Sogndal IL vestlandsmeisterskapen/ distriktsmeisterskapen (DM) i orientering på Kaupanger. Løparar frå Sogn og Fjordane stod for mange flotte prestasjonar dei to dagane. I konkurranse med løparar frå Hordaland og Rogaland henta «våre» løparar heim 4 titlar («Vestlandsmeister») kvar av dei to dagane.

Ved DM Mellomdistanse 31. august vart desse vestlandsmeistrar:

	Klubb	Klasse
Anja Hole	Førde IL	D 15-16
Håkon Grønli	Førde IL	H 13-14
Edvin Helle	Askvoll og Holmedal IL	H 70
Sveinung Fristad	Askvoll og Holmedal IL	H 80

Ved DM Langdistanse 1. september vart desse vestlandsmeistrar:

	Klubb	Klasse
Anja Hole	Førde IL	D 15-16
Irene Kroken Bergset	IL Vetten	D 50
Norvald Ospehaug	IL Tambarskjelvar	H 60
Kurt Grønli	Førde IL	H 70

I tillegg vart det fleire medaljar i sølv og bronse til løparar frå Sogn og Fjordane. For fullstendig oversikt viser vi til resultatlistene på Eventor.



Anja Hole frå Førde IL vann begge dagane. Her er ho i midten med gullmedalje og syltetøy frå Lerum etter DM Mellomlang 31. august. Dei andre på biletet er Julie Aksland frå Sandnes IL (sølv) og Kristine Bog Vikane frå Fana IL (bronse).



Håkon Grønli frå Førde IL vann DM Mellomlang den 31. august.

Her er han flankert av Joel Skoge frå Sandnes IL (sølv) og Oskar Heksem frå Fana IL (bronse).



Det var fin stemning på arenaen. Midt i bildet er Sveinung Fristad like før han gjekk til start i løpet der han vart Vestlandsmeister i klasse H 80.

O-gruppa i Sogndal IL hadde også fortent ein gullmedalje for vel gjennomført arrangement i ei triveleg ramme.

Førde, 3. september 2019

SFOK/Johan Magerøy